

## Dersom eg berre ikkje hadde teke feil hund

*Tilda er på butikken saman med hunden, Loppa.  
På veg ut møter ho Axel ...*

Han sa hei til meg! Han såg meg! Han kjende meg igjen! Eg tok hundebandet og gjekk. «Fin hund du har!» ropte Axel etter meg. Eg nikka. Det var da eg oppdaga det. Eg hadde teke med meg feil hund. Eg hadde teke ein stor, svart labrador. Loppa stod igjen borte ved lykestolpen eg hadde bunde henne i, og såg snurt ut.

Pinleg! Kva skulle eg gjere? Eg kunne ikkje gå tilbake med labradoren, da ville Axel synast eg var heilt dust. Så eg bestemte meg for å gå ein liten runde og komme tilbake når Axel var gått. «Kom Buster,» sa eg. Hunden ville ikkje, han visste jo ikkje at han heitte Buster. Men han vart med da eg tok fram litt godteri.

Men Axel hadde ikkje gått da eg kom tilbake. I staden kolliderte han med Buster da vi svinga inn ved butikken. «Gløymde du noko?» spurde Axel. «Ingenting, vi må heim,» sa eg og sprang. Axel sykla ved sida av. «Bur du her?» spurde Axel da eg stoppa utanfor eit blått hus. «Ja,» sa eg.


«Eg trudde du budde nede ved elva?» sa Axel.

«Altså, eg bur i nærleiken,» sa eg. Axel sykla ved sida av meg. Det var det eg hadde drøymt om, dersom eg berre hadde hatt med meg Loppa og ikkje hunden til nokon annan!

Axel bøygde seg ned og klappa Buster. «Kanskje vi kan gå tur med Buster ein gong?» sa han.

«Klart det,» sa eg.

Korleis skulle eg kunne gi tilbake Buster no? Og kva med stakkars vesle Loppa?



**labrador:**  
ein stor og  
kraftig hund

### Oppgåver:

Sjå Elevbok  
4B side 57.  
Gjer  
oppgåvene  
1, 2, 3, 4, 5,  
6 og 7.